

Breim den 20.mai 2011

## NEI TIL KRAFTVERK PÅ SEIME.

Garden Seime er av mange reikna som ein av dei finaste gardane i Nordfjord på grunn av beliggenhet, verdifull natur/kulturlandskap, mange svært verdifulle lanskapistypar/elemt som tilsaman utgjer ei unik heilheit og kan med sikkerheit seiast å vere ei perle av ein stad/gard, sjeldan og unik.

Breim Kraft AS må aldri få byggje kraftverk og anlegg på Seime sin grunn.

Hovudmålet for oss underskrive grunneigarar på Seime er å få stogga desse kraftverksplanane som er påtenkte innanfor Seime sine grenser og på Seime sin grunn.

Grunngjevingane for dette hovudmålet er:

1. Vi vil ikkje ha kraftverksanlegg, vegar, tunnelluttak i den flotte naturperla som Seimsmarka, Lindvika og Stranda er. Vil heller ikkje akseptere den minste lydforureining her.
2. Vi vil aldri ha flytta store delar av Breimselveosen inn i Lindvika på Seime 1,3 km frå der elveosen er i dag.
3. Vi vil ha elveosen der den er i dag og vi vil ha den natureleg inntakt.
4. Vi vil ha Breimselveosen og elva inngrepsfri med full naturleg vassføring opp til Seime-bru
5. Vi vil aldri ha tunnelmassedeponi på Seime sin grunn eller i vatnet på Seime.
6. Vi vil aldri ha ein vassførande tunnel i fjellet bakafor Seime med fare for vasslekasjar og uttørking av versleårer. Sprenging i fjellet kan føre til at urer og steinblokker som ligg laust på svad eller lausmasse i svært bratt terreng blir meir utrygge enn dei har vore fram til no.
7. Vi vil aldri ha ein jordkabel skoten ned i fjellet frå elvosen og inn i Lindvika på Seime (1.3 km) fordi det vil rasere heile det flotte naturområdet her. Vi vil heller aldri ha høgspenkabelen lagd i Årdalsvegen eller i luftspenn over gardane og gjennom tuna våre, fordi det vil føre til magnetfelt og stråling der vi skal arbeide og opphalde oss dagleg og ikkje minst ein dagleg angst for desse farane.

Vi vil påstå at Breimselveosen, grandane og øyane med dei store vassmassene i elva tilsaman er ei naturperle/diamant minst like verdifullt for almennheita som Sandalsfossen i Breim er. I bakgrunnen for elveosen har ein og den store kvite Breimskyrkja i Redøyane som får det heile til å virke som eit eventyrleg prospektkort.

Elveosen og elva oppover til brua er svært mykje nytta av sportsfiskarar, nesten kvar dag heile sommaren. Her er truleg gode gyteplassar for ørret ved Seime-stranda og elveosen.

Ved Breimselveosen på Seime og innerter Seimelandet og Seimsstranda 2,5 km er her eit rikt dyreliv. Ved elveosen er sjøfugl, tjeld, storspove, grågås, kanadagås, svaner, alke, vipe,

gråmåse, fiskemåse og kråker. Lenger inn med stranda er hegre, skogsdue, flaggermus, hubro, ugle, røye, hønsehauk, ravn, kongeørn, fossefall, hakkespett, spetter, dompapp, gjøk, svale, linærle, stær, skjære, kjøttmeis, svarttrost, gråtrost og fuglekonge med mange fleire som eg ikkje kan namna på.

Vi reiknar det som svært truleg at mange av desse skogsfuglane, som til dømes hubro hekkar i området Furevikane, Furehogane, Lindvika og stranda på Seime.

I området er her og hare, hjort, raudrev, mørk- eller svart-rev, ikorn og røyskatt.

Lindvika på Seime med omliggande område er eit svært viktig overvintringsområde for hjort frå ein stor del av Breimsbygda og truleg ein del frå Jølster. På grunn av klimaforandringar her ved ei eventuell kraftutbygging, vil svært truleg dette forandre seg mykje i sterkt negativ retning.

I Seimsmarka er her enno mykje gammal fureskog, einer, osp, rogn, bjørk, alm, lind, hattle, or, hegg og selje.

Inste delen av Seime kallar vi Seimsstranda. Seimsstranda er eit vilt, vakkert og utfordrande landskap. Her er eit heilt spesielt klima. Skogbotnen består for det meste av blomster og gras og her er mykje edellauvskog med gamle fure og ospeholtar innimellom.

I alle desse områda av Seime er her mykje kulturminne. For dei som er kjende her så er det nesten som å gå i ei historiebok. Seimemarka, Lindvika og stranda samla er eit flått og godt historisk dokument. Ut frå dei historiske kunnskapane og kulturminna som er her ser vi for oss eit verdfult heilheitsleg bilde på kor folk i eldre tider brukte utmarka og stranda og kor viktig den var for eksistensgrunnlaget for gardsbruka her. Eit kraftverksanlegg her vil splitte opp dette området og øydelegge det. Ved Seimelandet og stranda går og leia for den gamle Trondheimske postveg.

Alt dette som Seime har av svært mykje flott natur, fin beliggenheit, storelv, Breimslevosen og Breimsvatnet 2,5 km med inntakt strandlinje er vi svært galde i og stolte over. Vi har tenkt nettopp på å utnytte desse ressursane i samband med oppleving og gardsturisme som ei attåtnæring til gardane. På den måten kan vi ivareta denne arven vi har fått og likevel få inntekter.

Staden Seime er mykje nytta av almennheita. Elveosen til fiske frå land og båt, bading og turar langs elvebreidda. Strandlinja ved Seimelandet er 2,5 km og innerter stranda er vel den staden ved Breimsvatnet som vert mest nytta av båtfolket til båtturar og fiske. Der går dei også i land og nyt fine sommarkveldar. Ein ser ofte røyken frå bål langs vatnet innerter her. Det har vore turistar som har overnatta i telt her og utanlandske familiar har lege i telt her. Jonsokkvelden blir det ofte brent bål innerter stranda her. Fleire av dei finaste badeplassane ved Breimsvatnet ligg innerter Seimsstranda heilt inn til Lindvika. Badeplassane her vert mykje brukte både av lokalfolk og almennheita elles heile badesesongen.

Seime med innmark, utmark og strand er den kjæraste staden vi veit på denne jord, det er kort og godt oss sjølve.

***Planane om kraftverk på Seime som Breim Kraft AS har sendt ut reagerer vi på med forferding og sjokk. Skulle desse kraftverksplanane bli realiserte ville dei ikkje berre rasere staden Seime, men og liva til oss som bur her totalt.***

Det skulle ikkje vere noko grunn til å presse kraftanlegget til Seime. Seime ligg i enden eller nedanfor dette området det skulle vere naturleg å nytte til dette kraftanlegget.

Når anlegget vert avslutta før det kjem til Seime vil produksjonen av fornybar energi bli nesten den same som om anlegget hadde gått til Seime. Dette fordi det er svært lite fall på Seime.

Fordelane ved å avslutte anlegget før det kjem til Seime er svært, svært store for natur, landskap og miljø, ikkje berre for seimarane og almennheita elles.

Nils E., Seime

Peder Seime

Martin Seime

Magne R. Seime

*Nils E. Seime*

*Martin Seime*

*Peder Seime*

*Magne R. Seime*

## Dimensjonar på Breim Kraft sitt kraftannlegg og verk

Ca. pris 336 mill

4,1 km tunnell

Ved 30 m<sup>2</sup> i tverrsnitt vil det bli ca 300 000 kubikk tunnellmasse

Tilsvarar ca 30 000 lastebillass dersom kvart lass er ca 10 kubikk.

Normal vassføring/middelvassføring i Breimselva i sommarhalvåret er ca 27 m<sup>3</sup> i sekundet før utbygging.

Etter utbygging vert vassføringa ca 6 m<sup>3</sup> i sekundet.

Om vinteren vert vassføringa ca 1 m<sup>3</sup> i sekundet (middelvassføring)

Massedponiet vil dekke ca 30 dekar grunn